

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 6
august/september 1974
7. årgang



KYRKJELYSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktør: Ingvar Fykse, Ytre Arna

Redaksjonsnemnd: Helge Hitland, Knut Brakestad
Harald Haugsvær, Gunlaug Bøyum

Forretningsfører: Monrad Ulveseter, Indre Arna

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

ARNA PRESTEGJELD

Sokneprestkontoret, Indre Arna:

Kontortid tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00—11.30.
Torsdag kl. 17.30—19.00. Telefon 24 04 00.

Res. kap. kontoret, Ytre Arna:

Kontortid torsdag kl. 17.30—19.00. Fredag kl. 10.00
11.30, tlf. 24 13 25.

Adresser og telefonar:

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Fung. res. kap. Helge Hitland, Høgatun 16, Indre Arna, tlf 24 09 65.

Kst. klokkar Severin Johs. Hamnøy,
Stølsveien 94E, Indre Arna, tlf. 240342.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna,
tlf. 24 16 06.

Kyrkjetenar Monrad Ulvesæther, tlf. 24 07 39, tirsdag
og torsdag 17.00—18.00, onsdag og fredag 10.00—11.00.

Gravar Emil Dalset, Indre Arna, tlf. 24 05 69.

Organist Anker Rønhovde, Ytre Arna, tlf. 24 11 39.

Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna, tlf. 24 12 30.

Soknerådsformann i Arna: Ingmar Ljones, Stølsveien 1
111A, Indre Arna. Tlf. 241594.

Soknerådsformann i Ytre Arna: Knut Brakestad, Johan
Rongvedsvei 16, Ytre Arna. Tlf. 241135.

Klokkar Ytre Arna: Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna.
Tlf. 241310.

Framsida:

Ytre Arna kyrkje rundar i haust 3/4 hundre år. Den 3. oktober er det 75 år sidan kyrkja vart vigsla og teken i bruk.

I høve jubileet gjev vi ein nærare omtale av kyrkja og hennar søge inne i bladet.

Må eg gå til alters for å vere ein kristen?

Eg veit godt at dette med nattverden er vanskeleg for mange. Eg har møtt menneske som har vore kristne i mange år, men kva nattverden verkeleg står for og betyr, har ikkje gått opp for dei.

Å klare seg utan Guds ord og bøn som ein kristen, det er omtrent like umogeleg som å leve utan mat og drikke. Men nattverden, er den nødvendig på same måten?

Og spørsmålet er rett og slett: Gjev nattverden noko som eg ikkje og kan få ved å høyre og lese Guds ord? Er det nødvendig å gå til alters for å vere ein kristen? Er nattverden berre noko som set ein ekstra spiss på kristenlivet, ei særleg høgtidsam stund, og eigentleg ikkje noko meir?

Eg høyrd e preike eingong, og han som preika, stilte omtrent dette spørsmålet: Er nattverden nødvendig for ein kristen? Og så held han fram: Den som spør slik, minner mest om ein som går til legen og spør om kor lite mat han kan klare seg med utan å døy av svolt?

Når det gjeld vårt forhold til Gud, må vi ikkje spørje kor lite vi kan klare oss med. Vi må heller vere opptekne med kor mykje vi kan få. For det trengst mykje åndeleg næring til å leve eit sant og sunt kristenliv!

Gud har rikeleg til oss alle. Men det hjelper ikkje stort om vi stengjer dei kanalane Gud vil bruke for å tilføre oss den åndelege næring og kraft som vi har bruk for. Ingen av desse kanalane må stengjast eller stå ubrukne.

Om vi tenkjer oss eit stort vannreservoar oppe i fjellet. Det er massevis av vatn å ta av. Om det så er ein bonde som har garden sin nedanfor, og markene hans er brunsvidd av tørke. Då brukar han gjerne fleire vannslangar for at det skal bli nok vatn å vatne med, og for å få spreidd vatnet over alle bæane. Den eine slangen fører ikkje fram noko anna enn den andre. Det er vatn i dei alle. Men det trengst fleire kanalar fordi behovet er så stort.

Gud har lagt sine leidningar for å føre fram sin nåde til oss. I kristenlæra blir dei kalla nådemiddel. Det viktigaste nådemidlet er Guds ord. Så sakramenta, dåpen og nattverden. Det er det same Gud fører fram til oss gjennom alle desse midla, som det er vatn av same slag i alle vassleidningane. Men vi treng dei alle om vi skal kunna leve eit sterkt og sunt kristenliv, og ikkje deler av vår tru skal tørka opp og ta skade.

Så gjeld det at vi brukar desse slik Gud har tenkt og bestemt, også nattverden.

Ingvar Fykse

75-årsjubileum for kyrkja i Ytre Arna

Det er kyrkjejubileum i Ytre Arna — i 75 år har «klokkene kalla på gamal og ung». Til vanleg reknar vi 75 år for ein god mannsalder, og det minner oss om at dei fleste som kjenner heile historia om kyrkja og «dens tilblivelse» etter kvart er borte. Det kan difor vera grunn til å repetera litt.

Kyrkja vart reist omlag 50 år etter at fabrikkstaden var grunnlagt. Med tanken og ynskje om kyrkja i Ytre Arna er mykje eldre. Alt i 1860 åra var spørsmålet framme i samanheng med nye sokneinndeling for det gamle store Haus prestegjeld, der også Bruvik og Stamnes var med. Fastlandssida i Haus hadde verken kyrkja eller kyrkjegard på den tid. I 1859 vart det vedteke å leggja hjelpekyrkjegard i Indre Arna og så vart kyrkja der bygt i 1865.

Sjølvsagt var dette mykje laglegare også for folket i Ytre Arna, men på langt nær tilfredsstillande. Ein skarve køyreveg var ikkje til stor hjelp, det var ikkje «hest på kvar manns hus» slik som på gardane.

Båten laut gjera tenesta framleis, og eldre folk vil nok minnast dei store kyrkjebåtane, serleg «Brurabåten».

Åra fra 1886 til mellomriksloven var sagt opp, i 1897, var relativt gode og framgangsrike år i Ytre Arna, og folketalet var kome over 1200. På den tida blir kyrkjespørsmålet for alvor teke opp mellom folket på staden. Fabrikkeigar Jürg Jebsen (1831—1901), den yngste av dei tre Jebsenbrødrene, han som

hadde vore drivkraft for kyrkje-reising i Indre Arna, tok saka i si eiga hand. Av erfaring viste han kor innfløkt det var å få offentlege midlar til kyrkje, og så baud han seg til å kosta henne sjølv, og gje kyrkja til folket på staden.

På møte i Haus heradstyre den 8. oktober 1895 las ordførar Ola J. Vezet brev frå Jebsen — det var også stila til sokneprest Landstad og res. kap. Marstrander, der det mellom anna heiter: — — — at han

agter at etterkomme et fra flere av de ældre arbeidere ved Arna fabrikker, udtalt ønske om at der blive opført kirke i nærheten av fabrikkens, hvis der kan blive avholdt gudstjeneste i same hveranden søndag, og utbeder en foreløpig udtalelse fra prestene og heradstyrelsen i denne anledning». Soknepresten og den residerende kapellan hadde «erklært sig villig til alternerende at overtage den nye kirkes betjening, og udtalt derhos sin erkjendtlighet for den offervilje og liberalitetet, som kommer til syne i det gjordte tilbud».

Fullt så lett gjekk det ikkje i soknestyra og heradstyret. Dette kom brått på, tykte dei. «Saka var lite kjend», vart det sagt. Dei meinte nok at dei sjølve ikkje hadde kjenskap til konsekvensane.

Spørsmålet om Ytre Arna som eiga sokn, var og framme, men dette gjekk heradstyret i mot. Folket i Ytre Arna vart utålmodige og «dei fleste vaksne i Elvæ» sende skriv til heradstyret i februar 1896 der dei

bad om godkjenning på Ytre Arna som eige sokn og bygging av annekts-kyrkja.

Prost Landstad greip også inn og ba om avgjerd til fordel for den nye kyrkja. Endeleg den 9. september 1896 gav Arna soknestyre, mot to røyster, samtykke til at kyrkja vart bygt, og halvparten av guds-tenestene i Arna sokn kunne haldast i kapellkyrkja i Ytre Arna.

Kongeleg resolusjon vart gjeve 22. mai 1897 med løyve til å byggja «et kapell i Arne fabrikker til gudstjenestelig bruk til den nævnte fabrikk knyttede befolkning».

Kyrkja er teikna av arkitekt Schak Bull, Bergen og er syster kyrkja til Berger kyrkje i Vestfold, som Jürg Jebsen gav til folket der.

Byggmeister var Petter Gabrielsen, Spjotøy, Lindås, som nokre år før, i 1892 bygde Lygre kyrkja.

Frå først av var det ikkje altertavla i kyrkja, men ein kvit kross over alteret. I 1916 gav dr. Gudrun Kolderup (1876—1931) altertavla som Moritz Kaland, Bergen malte. På forbrettet sto: Kom til meg, alle I som stræver og har tungt å bære, og jeg vil gi eder hvile», Math. 11.28.

Litt vemodigt var det at ikkje denne altertavla kunne passast inn i det nye interiøret då kyrkja vart «restaurert» ved 50 års jubileet i 1949. Mange såg stor affeksjonsverdi i denne gáva frå den folkekjære lækjaren, frøken Kolderup, som hadde ofra heile sitt vaksne liv i trufast slit for folket i Ytre Arna og bygdene omkring.

Det var arkitekt Ole Landmark saman med professor Axel Revold som stod for nyskaping av kyrkjeinteriøret i 1949.

Arbeidet tok til i mai og var full-

ført til ny vigsling av biskop Indrebø den 4. desember 1949.

Arbeidet tok til i mai og var fullført til ny vigsling av biskop Indrebø den 4. desember 1949.

Ein kan trygt slå fast at kyrkja fekk eit meir stilreint interiør, med eit framifrå vakkert alterparti. Motivet i altertavla er heilt sentralt — og Axel Revold's kunstverk gjev vengefang for fantasien og kvile for auga.

Orgelet som var nytt i 1942 vart også komplettert ein del med 3 nye stemmer.

Fram til 1936 hadde Arne Fabrikker vedlikeholdet av kyrkja, men ho vart då formelt gjeve til sokna, og Haus kommune overtok vedlikehald.

Frå 1953 vart Ytre Arna eige sokn med sitt eige soknestyre.

Fram gjennom åra har kyrkja stått sentralt mellom folket i Ytre Arna og det har alltid vore gode ombudsmenn som trufast har verna om kyrkja og vore til hjelp både for prest og kyrkjelyd.

Den første kyrkjetenaren var Mons O. Ytrearne. Han verka i 17 år frå 1899 til 1916, då tok Olaf Lillebergen over og med uvanleg truskap heldt han ut i 40 år.

Etter han kom Johs. Lidtun, Eirik Arne og Henning Helland.

Dei første medhjelparane var Lars Mjelde og Knut Melkeråen. Seinare kom Anders Helland. Dei som vi nå hugsar best er Martin Lilleberg som byrja i 1916 og var på plass i meir enn 40 år og Olai Gaupås som kom i 1920 åra og heldt trufast fram ein mannsalder.

Klokkarar:

Andreas H. Gjellsvik, Mons Slet-

ten, Olai Eikanger, Nils Kvamstø, Per Sæle.

Desse har vore organister:

Andreas Steinestø, Mons Sletten, Thorleif Aamodt, Olaf Martinusen, Magnar Mangersnes, Anker Røn-hovde.

Vi skal heller ikkje gløyma dei som trødde belgen til orgelet før motoren kom i 1942.

Nils Boge, Andreas Rosslund, Fredrik Mjelde og Ingold Olsen hugsar vi hadde dette arbeidet på seg i mange år.

Arnold Nævdal

Brev til kyrkjelydsbladet

Vell heimkomen fra barnedåp på pinseaften ble vi, som skikk og bruk er, ved et godt måltid sittende og prate om mangt og meget, og blandt annet også akkurat om skikk og bruk. Det kommer nemlig mange nye skikker og kanskje regler fra byene, og endrar på seder og skikker som tidligere har vært vanlig på landsbygda. Vi var enige om at det kan være bra med noe nytt hvis dette kan synes å være bedre enn det gamle og innarbeidete, men at man skal være varsam med å gripe alt nytt for nyhetens skyld. En ting som vi lurte på var skikken med å la barna som skal døpes, sammen med foreldre og faddere sitte på de fremste banker. En av oss mente at tidligere var det vanlig, iallefall i Arna kyrkje, at disse satt i koret, før og etter dåpen. Dette ga mere stemning og høytid over dåpshandlingen. Spørsmålet er da om dette er noe nytt som er bestemt, eller om det kan endres. Kanskje er det også noen som foretrekker den nye ordningen? Dette er jo ikke noen stor sak, men det kunne gjerne være

interessant å høre om andre har noen formening om dette?

Vi fant ellers ut at det ikke var helt vanlig at presten messet i en barnedåp en lørdag ettermiddag. Vi syntes dette satte en ekstra spiss på kvelden, og det var den alminnelige mening at presten også ellers ga seg god tid og laget en fin høytidstund. Som mange ville si det: «Reint ei hugnadstund vart det!»

Vennlig hilsen

Johannes Eriksen,
5230 Espeland.

Vi takkar for innlegget.

Om skikk og bruk ved barnedåp i kyrkja skal vi kome tilbake til i neste nr.

Red.

Til menighetens kvinner

Som kunngjort før ferien, begynner et nytt menighetskurs tirsdag 17. september kl. 18.45 i Domkirkens menighetshus, Kalfarvei 10.

Kurset varer 12 tirsdager med tre 40 min. timer hver kveld. Det blir timer i bibellære, bibelbruk, tros-lære og sjelesorg. Dessuten blir det timer i bibelgruppearbeid, om den norske kirke og forskjellig kirke- og menighetskunnskap.

Blant lærerne er sogneprestene Knut Hernes, K. O. Mathiesen, Arne Skeie og res. kap. Fykse.

Kurset koster kr. 30.—.

Innmelding kan sendes innen 12. september enten gjennom menighetens prester, som vil være elskverdige å sende den videre, eller direkte til Jussi Pihl, Nøstegt. 42.

Velkommen!

I kurskomiteen

Anna Dahl, Kirsten Haaland,

Björg Kayser,

Jussi Pihl,

f. t. formann.



KYRKJEBILEUM I HAUS

I haust fyller Haus-kyrkja 100 år. Søndag 29. september vert det jubileumsgudsteneste ved biskop Per Juvkam som i dei dagane held på visitas i prestegjeldet.

Inntil 1967, då Arna vart skild ut frå Haus som eige prestegjeld, var kyrkja i Haus også hovedkyrkja for dei sokna i Arna.

Som tidlegare «hausingar» og no næraste nabogrend til Haus, helsar vi kyrkjelyden der tillukka med dagen og jubileet.

Familieside



ARNA SOKN

DØYPTE:

- 8/6 Vidar, for.: Otto Hellegård—Magna Alette, f. Aasen.
8/6 Jan Einar, for.: Reidar Haugland—Anne Britt, f. Ullestad.
8/6 Vibeke Helen, for.: Kjell Moldekleiv—Ellen, f. Gjerstad.
8/6 Elin, for.: Åge Johannes Schmidt—Helga, f. Espeland.
9/6 Hege Kristin, for.: Bjarne Trygve Stubbsve—Kirsten, f. Dyrdal.
9/6 Anne Grethe, for.: Asbjørn Andersen—Grete Karin, f. Herfindal.
9/6 Paal Richard, for.: Per Mjelva Larsen—Vigdis, f. Rolland.
15/6 Hege Jeanette, for.: Ove Martin Wågenes—Torild, f. Knutsen.
15/6 Anne Helene, for.: Arne Johan Akselberg—Halldis Solrun, f. Stegane.
15/6 Henriette, for.: Per Steinar Ekse—Bodil Ekse, f. Skjerping.
15/6 Øystein, for.: Terje Henriksen—Anne Grethe, f. Pedersen.
16/6 Helge, for.: Harald Naper—Mildrid, f. Gidske.
16/6 Ørjan, for.: Kjell Ytrearne—Sølvi Johanne, f. Gregersen.
23/6 Tom Roger, for.: Per Kåre Bolstad—Gerd, f. Birkeland.
23/6 Reidar, for.: Bjarne Kristian Langeland—Nordis, f. Østvik.
23/6 Jan Steinar, for.: Jan Per Mikkelsen—Signe Karin, f. Ravnanger.
29/6 Kjetil, for.: Hans Jakob Vatile—Lillian Ellinor, f. Skjerping.
29/6 Øystein, for.: Reidar Lothe—Torill, f. Hodnekvam.
30/6 Ingrid, for.: Sverre Kvilhaug—Aase, f. Hansen.
14/7 Merete, for.: Karl Haugsvær—Sigrid, f. Byrkjeland.
14/7 Anita, for.: Karstein Løvaas—Gunn, f. Bjørnestad.
14/7 Monica, for.: Nils Johan Skulstad—Vigdis, f. Trengereid.
14/7 Øyvind, for.: Geir Arne Magnussen—Solveig, f. Garnes.
20/7 Solfrid, for.: Torleif Andreas Aastvedt—Haldis, f. Hammerstad.
20/7 Helen, for.: Kjell Fylkesnes—Elin, f. Nese.
20/7 Trude, for.: Atle Kåre Vie—Turid, f. Kjerpeseth.
20/7 Paul, for.: Ivar Nataas—Audhild Jofrid, f. Sundbotten.

VIGDE:

- 8/6 Per Victor Karlsen og May Lisbeth Blomdal.
8/6 Helge Hammersland og Maj Britt Strømmen.
8/6 Jostein Garnes og Berny Hausberg.
15/6 John Olav Thunes og Solfrid Lisbeth Bratholmen.
29/6 Jonny Edvin Eriksen og Judit Magna Runningen.
29/6 Kjell Torstensen og Torill Mona Løtveit.
29/6 Terje Holstad og Elin Hope.
13/7 Charles Gunnar Skjerping og Bente Ingunn Åsheim.
13/7 Johan Magnus Gjerde og Dagrinn Fivelsdal.

Familieside



- 26/7 Sven Jarle Schive og June Merete Dimmen.
27/7 Knut Asbjørn Hommedal og Reidun Antun.
20/7 Viggo Håkon Matland og Audny Kolle.
10/8 Tor Knud Egeland og Ingeborg Randine Mjelde.

AVLIDNE:

- 21/6 Lars Bertin Småland, f. 1899.
25/6 Bertha Andersen, f. 1891.
6/7 Karin Marie Bruvik, f. 1954.
28/7 Olav Martin Stokke, f. 1909.
29/7 Robert Ryssdalsnes, f. 1965.
10/8 Klara Alvhilda Espeland, f. 1902.

YTRE ARNA SOKN

DØYPTE:

- 6/7 Richard, for.: Bengt Harald Hansen—Oddrun, f. Hundhammer.
7/7 Leiv Rune, for.: Leidulv Brunborg—Sigrid Herborg, f. Kamnefjell.
7/7 Britt Jorun, for.: Albert Gullbrå—Anny Johanne, f. Maurseth.
7/7 Hilde, for.: Elias Vesetvik—Liv Inger, f. Hofseth (Bolstad)
14/7 Thomas, for.: Walter Schille—Irene, f. Gaupås (Arna)
4/8 Hilde Iren, for.: Åge Magnus Nilse—Ingveig, f. Olsen (Landvik)
4/8 Randi Helen, for.: Steinar Kjøsnes—Gerd, f. Nævdal (Arna)
10/8 Jan Vidar, for.: Karstein Kalsås—Aud, f. Rolland (Arna)
11/8 Eivind, for.: Erling Kvamme—Unni, f. Grytdal.
11/8 Einar Severin, for.: Kjell Ove Tysse—Jenny Orlaug, f. Nepstad.

VIGDE:

- 8/6 Karstein Leif Brandsdal og Else Johanna Bratli.
28/6 Christer Egil Berentsen og Anne Sonni Skage.
28/6 Johan Møller-Holst og Martha Johanne Henriette Rolland.
29/6 Geir Haugland og Randi Mikalsen.
29/6 Atle Kyte og Torill Olsen (Åsane)
6/7 Johnny Reinholdt Karlsen og Edith Synnøve Kjeseth.
13/7 Max Loftås og Margun Helen Vågenes.
10/8 Magne Sivertsen og Rigmor Haugland.

AVLIDNE:

- 16/7 Andreas Emil Reigstad, f. 1900.
18/7 Guri Brudvik, f. 1874.

Du er en perle!

For en attest! En uttrykk over et medmenneskes beste egenskaper.

En egen glede over ordet. Perle!

De gamle østerlendinger hadde sin egen mening om hvordan perlene ble til:

Når duggdråpene tidlig om morgene blir truffet av solstrålen der de henger skjelvende ut over vannet, kan man se hvordan de lyser opp som gnistrende juveler og som kostelige perler synker dråpene ned i havets dyp.

Vi vet i dag at perlene er dannelse som oppstår i det indre av legemet hos en del bløtdyr. Mange perler viser seg å ha liten kjerne, og omkring denne kjernen er det avsatt skallsubstans. Kjernen kan bestå av et sandkorn eller en eller annen parasitt som er kommet inn i muslingen og blir liggende i perlens midtpunkt.

Hør Matteus: Videre ligner himlenes rike en kjøpmann som lette etter vakre perler. Så fant han en som var særlig verdifull, solgte alt og kjøpte dem!

Kjøpmannen i Jesu lignelse fant en særdeles verdifull perle, solgte alt han eide for å kjøpe den! Etter kjøpet gledet han seg over størrelsen, formen, fargen, glansen og klarheten.

I det gamle Roma var perlen blant yndlingsjuvelene, og romerske keisere og rikmenn kunne undertiden betale en sum på flere millioner kroner i våre penger for en enkelt særlig vakker perle.

Slik er da også himlenes rike for oss!

Kostelig.

Særlig verdifull.

Noe vi burde lete etter og anstrenge oss til det ytterste for å få tak i.

Begynner som et fremmedlegeme? Er det ikke ofte slik kristendommen

kan møte oss? Fremmed. Uvant. Påtrengende. Slår på en måte igjennom noe tilvant og rolig hos oss. Stiller spørsmål — nærgående. Vekker oss. Uroer, plager samvittigheten, konfronterer, rusker opp. Gir oss liksom ikke fred på de spørsmål den stiller. Før vi svarer.

Føler at vi ikke kan vri oss unna uten at det gjør vondt mot noe i oss selv?

Jo visst kan kristendommen komme til å føles som et fremmedlegeme. Men den vil forandre noe til det bedre.

Spytter vi «rusket» ut igjen uten å gi den en sajanse til å bli noe verdifullt for oss?

Slipp den inn, det kan ikke bli annet enn perler ut av det!

Vi må ikke lukke oss til og tette igjen.

Gjennom Bibelen kan Gud bli vår læremester, og en som er fortrolig med himmelrikets lære og hemmeligheter er lik en husbond som har både nytt og gammelt å finne frem fra det han eier.

La kristendommen lage perler. Men da må vi slippe den inn!

Per Arne Norum

(i Oppegård menighetsblad)

Stadig behov for misjonsprester i Det Norske Misjonsselskap

Det er blitt vanlig å ta opp nye studenter ved Misjonsskolen i Stavanger hver høst. I fjor var det en meget god tilgang med studenter,

Iddåsa — mellom to veier

Etiopia-brev fra misjonsprest
Øyvind Eide og frue Elisabeth.

Iddåsa er et vakkert navn på galinja. Det betyr «Hans sted». Vi ble kjent med Iddåsa en gang i sommer. Han er en høyreist, kraftig og flott etioper. På vei til medisinsmannen sammen med en venn av seg, møtte de evangelisten. Han fortalte dem om en bedre vei. De fattet interesse og inviterte oss til Hårå, fire timers gange nord for Beghi, hvor de bodde.

Da vi kom, var seks unge menn samlet. Vi hadde en fin stund sammen og de fikk en Bibel som gave. Alt lå vel tilrette for en fin ny menighet.

Men — mennesker er mennesker — her som der. Iddåsas kone kom ikke riktig godt ut av det med sin svigermor, og husfreden ble i aller høyeste grad forstyrret. Ettersom familievernkontoret fremdeles er et ukjent begrep i Hårå, tok kona saken i sin egen hånd — eller rettere hun tok kniven fatt — og prøvde å kutte strupen over på svigermor. Vel, på klinikken fikk de sydd sammen og berget livet, men Iddåsas kone måtte i fengsel.

«Der kan du se», sa folk til Idd-

men til høsten 1974 ønsker man å ta opp 10—15 nye på grunn av situasjonen på flere av Misjonsselskapets marker. Kirkene blir mer og mer selvstendige, men det er ikke tvil om at de i lengre tid vil be om hjelp i form av personell og penger.

På Misjonsskolen i Stavanger er det for tiden 33 studenter og ved Menighetsfakultetet i Oslo arbeider 11 på sine avsluttende studier.

åsa. «Det er fordi du sluttet å ofre til fedrene det gikk slik i hjemmet ditt». Hvem skal han høre på? Oss eller de gamle venner?

Iddåsas tilfelle er forsåvidt ikke enestående. For afrikaneren skjer ingenting tilfeldig. Bak enhver hendelse står ånder og krefter. Hender det derfor en ulykke eller et uhell med en av de nyomvendte, så er naboene straks ute med pekefingeren. Disse unge kristne afrikanerne er derfor i en uhyre utsatt stilling.

Iddåsa — hjelp ham i bønn av og til så hans hjerte og hjem virkelig blir: «Hans sted».

Kirkelig statistikk antyder vekst

Vi har ikke pålitelige måleapparater som kan fortelle hvordan norsk kirkeliv står. Men statistikk kan tross alt fortelle noe. I Årbok for Den norske kirke finnes en del statistiske opplysninger, bl.a. er det foretatt en sammenlikning av forholdene i dag med situasjonen for 10 og 20 år siden.

I 1973 ble det holdt 65.605 gudstjenester. I 1963 var det 57.157 og i 1953 51.392. Det tyder på vekst! Og mens det i 1973 var 889.842 nattverdsgjester, var det bare 561.112 i 1953.

I en tid da det tales så mye om avkristning, kan i alle fall statistikken antyde en positiv tendens. Folk søker til Guds hus og til nattverdsbordet stadig flittigere!

Barneside



Hjelp kvarandre

Det finst ei art storkefuglar som heiter hegrar. Mellom dei er det lite sysken kjærleik. Når foreldra er borte og ungane ikkje har anna å ta seg til, fordriv dei tida med å hakka dei yngre syskena sine, og det temmeleg alvorleg. I reir der det har vore 5—6 egg, finn ein sjeldan meir enn 3—4 vaksne ungar. Ser ein nøye etter, ligg det som regel ein flattampa fugl i botnen på reiret, eller ein unge ligg knust og spidda 10—20 meter unna, velta utfor av eldre brør og systre. Når ungane er store, er det vilt slagsmål i reiret kvar gong ein av foreldra kjem heim med mat.

Dette var trist, men mange gonger er ikkje sysken i ein heim snillare med kvarandre enn desse fugungane. Korleis er det i din heim? Har du ikkje merka at mange gonger er det ingen det er så vanskeleg å vera snill og god med, som dine egne sysken? Framande er det som oftast lett å vera snill og god mot. Kva kan det koma av, skal tru? Det kan nok koma av at syskena er saman kvar dag og difor kan verta lei kvarandre. Saman med syskena kjem difor vrangside lettare fram. Det er lett for dei eldste å erta dei yngste. Vanskeleg kan det og vera det gode ein får med dei andre. Får mokon av dei andre noko ein gong og ikkje du sjølv er det lett å verta «grøn av misunning». Per og Anne fekk ein dag besøk av tante. Tanta retta fram ein pose med noko godt i. Vesle Per tok først imot, og så datt det utor han: «Anne likar ikkje slikt ho». Han ville ha alt sjølv.

De som er sysken, prøv å vera

overberande mot kvarandre og hjelp kvarandre. Prøv også å be for dykk sjølv og syskena dykkar kvar dag. Be Gud om at du må få hjelp til å vinna over det vonde når du vert freista til å erta, slå eller seia stygge ord til bror din eller systra di. Vert de gode vener som barn, vil det gjerne vera venskap som de vil få mykke glede av gjennom heile livet seinare. I Es. 41,6 står det: «Den eine hjelper den andre og seier til bror sin: Ver hugheil».

KAN DU SVARA PÅ DETTE?

1. Kor mange bøker er det i Bibelen?
2. Kor mange bøker er det i GT?
3. Kor mange bøker er det i NT?
4. Kva heiter første boka i Bibelen?
5. Kva heiter siste boka i Bibelen?
6. Kva heiter dei 4 evangelistane?
7. Kva heiter den siste boka i Bibelen?
8. Kvar i Bibelen finn vi «den vesle Bibelen»?
9. Korleis lyder «den vesle Bibelen»?
10. Kvifor vert dette verset kalla «den vesle Bibelen»?

- SVAR**
1. 66 2. 37 3. 29 4. 1. Mosebok
 5. Profeten Malakias
 6. Matteus, Markus, Lukas og Johannes
 7. Johannes' openberrring
 8. Johannes 3,16
 9. Så høgt elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal fortapast, men ha evig liv.
 10. Det inneheld hovudinnhaldet i Bibelen

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

Espeland Begravelsesbyrå

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørgeres oppsatt

Espeland Gartneri

Telefon 240809

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



Vår mann i Arna

KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,
og står til tjeneste med råd og veiledning.

Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

SKAL DET VERA

markiser, persienner og rullegardiner i mange vakre fargar,
så vend Dykk til meg. Eg har også flaggstenger, skyvestigar,
enkle stigar med flate trinn og kletørkestativ som eg sel di-
rekte frå fabrikk. Difor rimelege prisar.

Ring meg, og eg kjem og tek mål og gjev pris.

Magnus Borge

5233 Haukeland — Telefon 24 00 21

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET

VESTA



LIVSFORSIKRINGSSKAPET

HYGGEA

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

ARNA PRIVATBANK

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Velkommen til kyrkje

PREIKELISTE FOR ARNA

- 15/9 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Presentasjon av konfirmantar.
Offer til soknerådet.
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland. Offer til Det Blå Kors.
- 22/9 Arna: res. kap. Hitland. Presentasjon av konfirmantar. Offer
til soknerådet.
- 29/9 Arna: Kl. 1900 ungdomsgudsteneste ved fung. res. kap. Hitland.
- 6/10 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd.
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd.
Trengeid: Kl. 1900 kveldsgudsteneste ved Fykse. Nattverd.
Offer til Det Blå Kors.
- 13/10 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Offer.
- 20/10 Arna: Kl. 1900 ungdomsgudsteneste ved fung. res. kap. Hit-
land. Tensingkoret «Blessing» frå Fana.
Ytre Arna: Festgudsteneste i høve 75-årsjubileet. Domprost
Hans Høivik. Offer til soknerådet.
Kl. 1900 jubileumskonsert i samband med kultur dagar i bydel-
ane. Medverkande Bergen musikkonservatoriums kammer-
kor og kammerorkester, organist Tor Grønn, fung. sokneprest
Fykse.
- 27/10 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Offer til IKO.
Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse. Familiegudsteneste i høve
Barnas misjonsdag.

I høve 75-årsjubileet for Ytre Arna kyrkje innbyd vi til

FESTGUDSTENESTE

søndag 20. oktober kl. 1100 ved domprost Hans Høivik.

Ellers medverkande:

Arne Musikkforening, Arna Mannskor og Haugland Songlag.

K. 1900 innbyd vi til

JUBILEUMSKONSERT

i samband med kultur dagane i bydelane.

Medverkande:

Musikkonservatoriets kammerkor og kammerorkester, organist
Tor Grønn og fung. sokneprest Ingvar Fykse.

VEL MØTT!